



Historikaren Tor Bringedal har no søkt om økonomisk stønad frå kommunen til boka som han ga ut i november og som handlar om Kvinnherad i tidsrommet frå 1837 til 1945. Boka skal fylla eit tomrom i historia til kommunen og det meiner Bringedal at han har lukkast med. Boka høver også særst godt inn i markeringa av grunnlovsjubileet og er såleis enda meir aktuell, held forfattaren fram.

Han hadde eit budsjett på 200 000 og for å balansera dette rekna han med sal av 200 bøker til ein snittpris på 450 kroner. Vidare rekna han med 50 000 i sponsorstøtte og 60 000 frå eigne midlar. Ved årsskiftet hadde ikkje Bringedal nådd salsmålet og han hadde ikkje lukkast å få ein einaste sponsoravtale.

Dermed har eigendelen vorte langt større enn han vona og difor søker han no om stønad frå kommunen. Bringedal peikar på at boka har vore presentert i lokalavisene og at han har gjennomført bokpresentasjonar i 6 ulike bygder.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen